



**Bibelkveldar  
Hausten 2020**

**«Eit levande håp»**

**Denne hausten vil me ha fokus på det kristne håpet.** Me trur dette temaet er midt i blinken for den situasjonen me er i no i global, nasjonal og lokal samanheng. Hovedtemaet blir utdjupe frå ulike vinklingar og problemstillingar.

**Bryne sokneråd** er ansvarleg for tiltaket.

Ein komité er ansvarleg for planlegging og gjennomføring:

Brit Frøyland, Jan Helge Stensland, Kjell Ragnar Thu og Jens Olav Mæland

**Stad:** Bryne kyrkje.

**Tid:** Tysdag 29/9, 13/10 og 27/10 — kl. 19.00 til 21.15

Det blir høve til spørsmål.

Kort pause mellom innlegga.

## «Eit levande håp»

**Kristendommen er «Håpets religion»,** blir det ofte sagt. Ved eit slikt særpreg skil han seg frå andre religionar og «ismer» som har andre særpreg og vektlegging.

I eit sekulært perspektiv er håp bestemt av menneskets psykiske livsmot, økonomiske konjunkturar, sosiale og politiske konstallasjonar. I vårt sekulære klima er håpet blitt noko usikkert, flyktig og ofte fråverande. Mennesket ønskjer og streber etter meining og håp, men må ofte resignera... Håpløyse blir ofte ein tøff realitet.

**I Bibelen trer Gud fram som håpets Gud.** Hans inngrep og handling i verda og historien er håpsinnretta. At han sende sin einaste son, var ei håpshandling. «Kristus er vårt håp,» står det. Han er lyset i og for verda, og lyset gir framtid og håp.

Håps-perspektivet blir eksponert gradvis i Bibelen. I GT er håpet oftast noko dennesidig, at Gud hjelper i naud og krise – gir hjelp og livskvalitet. Det eskatologiske – livet som noko grensesprengjande – blir så vidt berørt.

**I Det nye testamentet er håpet knytta til Jesus Kristus.** Han bringer Guds rike nær, gir sine frelsesgåver og lovar sine ein ny himmel og ei ny jord der rettferd og fred får gjennomslag. I dei apostoliske breva er håpet ei hovudsak. Jesu død og oppstode er den store eskatologiske hendinga, og grunnlaget for ein ny livseksistens og eit levande håp, 1 Pet 1,3.

**Tru, håp og kjærleik er uttrykk for den kristne eksistensen.** Det er ikkje sideordna eigenskapar, men ulike aspekt ved den kristne eksistensen. Trua ytrer seg som håp når ho rettar seg framover, og kjærleiken er motivert av tru og håp. Håpet er noko fast og sterkt, det har bærekraft og når den truande tviler, vaklar og kjenner seg motlaus. Håpet er eit anker for sjela som når «innafor forhenget», Hebr. 6,19.

## Ulike vinklingar

**Jens Olav Mæland** vil ha det første innlegget, og gje eit innblikk i korleis Bibelen talar om håpet. Kva vekt har håpet i kristendommen, og korleis heng det saman med kristentrua elles? Er håpet grunnleggjande?

**Veronika Stormark** vil ha fokus på den unge generasjonen og korleis dei unge slit med manglande livsmot og framtidshåp. Undersøkingar viser at ein heil generasjon slit med stress, depresjonar og psykiske lidningar. Korleis vinna håpet tilbake for dei unge?

Desse vil stå for undervisinga:

**Veronika Stormark**, teolog, erfaring frå arbeid i Laget i Stavanger

**Jørn Lemvik**, tidl. gen.sekr i Digni; har jobba med globalt bistandsarbeid

**Kjetil Aano**, tidl. misjonær og gen.sekr. i NMS, prost i DnK.

**Vidar Mæland Bakke**, prest i Bymenigheten, Sandnes

**Hilde Hanevik**, psykiater ved Jæren DPS og har ein doktorgrad innan religionspsykologi

**Jens Olav Mæland**, tidl. lærar ved Fjellhaug intern. høyskole og prest i DnK.

**Jørn Lemvik**, som har stor erfaring frå bistandsarbeid i andre kulturar, vil gje eit bilete av ei brutal verd der livsgrunnlaget tidvis smuldrar bort. Men han vil og understreka «Håpets kraft», når sårbare folkegrupper blir hardt ramma av ulike kriser, naturkatastrofar, svolt og pest (pandemi).

**Kjetil Aano**, som er ein av dei fremste misjonstenkjarane i Norge, vil syna kva som er kristen misjon sitt oppdrag og mål, nemleg å tenna håp. Dette vil han konkretisera ut frå erfaring som misjonær og misjonsleiar.

**Vidar Mæland Bakke** har skrive ei bok om korleis han kom inn i eit djupt eksistensielt mørke, men òg korleis håpet kom attende. Boka «*Gi mine øyne lys*» vil bli presentert.

**Hilde Hanevik** har arbeidd i 20 år som psykiater. Ho har videreutdanning innan kognitiv terapi og kunstterapi, og har tatt ein PhD der ho studerte religiøsitetens betydning i forhold til å leve med ei psykoseliding.

Ho har gjennom åra møtt mange menneske i krise, sorg og som slit med ulike former for psykisk lidning. Ho vil snakke om korleis vi kan gjenfinne håpet i ei vanskelig tid.

## Undervisningsmateriale

Det vil bli delt ut undervisningsmateriale og vist til aktuell litteratur.

Me trur mange vil ha stor nytte av Bibelkveldane, og me ønskjer at bibelgrupper og foreiningar legg samlingane sine til desse.

Tid	Tema	Foredragshaldar
29. sep	<b>Eit bibelsk perspektiv på håpet</b> Korleis talar Bibelen om håpet vårt?	Jens Olav Mæland
	<b>Finst det framtid og håp?</b> Den unge generasjonen i håpsklemme.	Veronika Stormark
13. okt	<b>«Håpets kraft»</b> Ei brutal verd! Nyttar det å hjelpa i krise?	Jørn Lemvik
	<b>Misjon som håpstenning</b>	Kjetil Aano
27. okt	<b>«Gi mine øyne lys!»</b> Håpsord gjennom mørke.	Vidar Mæland Bakke
	<b>I møte med håpløyse</b> Korleis møta menneske som slit og ikkje ser nokon utveg?	Hilde Hanevik